




Sykkylven formannskap, sak nr 1/05



HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIING

Som vedlegg følger:

- brev av 14.10.04 frå Kommunal- og regionaldepartementet.
- konklusjonar og anbefalingar frå distriktskommisjonen s. 108 – 125.

Bakgrunn for saka

Den 7.2.2003 vart det oppnemnt ein kommisjon til å gjennomgå heilheita i dagens distrikts- og regionalpolitikk. Kommisjonen si vurdering er ~~no sendt på høyring med ein høyringsfrist 15.1.2005.~~ For nokre tema er høyringsfristen 14.10.2005.

Saksopplysningar

Sjølve rapporten frå distriktskommisjonen er på til saman 168 sider. For å forenkle lesinga vert berre konklusjonane og anbefalingane lagt fram.

Kommisjonen kjem med synspunkt på ei rekkje områder. Det vert her synt til vedlegget.

Vurdering

Utgreiinga om livskraftige distrikt og regionar er eit omfattande dokument som tek for seg mange svært viktige tema.

Konklusjonane og fleirtalstilrådingane frå kommisjonen er for ein stor del enkle å slutte seg til. Samla er dette eit svært omfattande opplegg og det kan vere god grunn til å stille spørsmål ved når ein eventuelt ser noko meir konkret.

Distriktskommisjonen sitt arbeid er mest eit dokumentet for alle gode tiltak. Det er større grunn til å vere skeptisk til kva oppfølging alt dette vil få i konkret form.

Diverre har ein erfaring for at også dette dokumentet er så omfattande i si heilheit at det truleg vil gå lang tid før noko som helst av dette vert realisert.

Distriktskommisjonen har også vurderingar og anbefalingar som går på framtidig fylkes- og kommunestruktur og større regionar. Den delen av arbeidet er det sett frist til 14.10.2005 å kommentere. Desse tema må då sjåast i samanheng med den store saka om regioninndeling i Noreg.

Det er svært mange positive forslag frå distriktskommisjonen og det vert vanskeleg å gå inn i dokumentet og kommentere mange enkeltelement.

Det sentrale vert om det på statleg nivå er reelt grunnlag og reell vilje til å gjennomføre alle desse tiltaka. Her er det nok å nemne slike sentrale stikkord:

- delegering av makt frå sentralt nivå til lokalnivå
- likeverdige rammevilkår for distrikta
- stimulere tilflytting til distrikta
- auka ansvar må følgjast opp med økonomiske midlar
- Stortinget må legge større vekt på strategiske og langsiktige linjer i samfunnsutviklinga
- større vekt på samordning mellom sektorar og mindre på enkeltstående sektortiltak.
- lokalisering av ny statleg verksemd skal som hovudregel skje utanfor Oslo




- samsvar mellom dei oppgåver kommunane vert pålagt og dei økonomiske ressursane som vert gjort tilgjengeleg
- kommunesektoren bør sikrast forhandlingsrett med Staten
- gode kollektive kommunikasjonsmidlar og ein vegstadard som gjer arbeidsreisa trygg
- enklare offentleg innkjøpspolitikk
- statleg langtidsbudsjettering.

Ein ser etter ei slik liste at dette fort får preg av ynskje eller at ein talar om honnørord.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sykkylven formannskap meiner Distriktskommisjonen har kome med mange gode vurderingar og mange gode forslag i samband med utgreiinga om livskraftige distrikt og reionar. Sykkylven kommune er derimot meir skeptisk til korleis dei ulike forslaga vert følgd opp og om det frå sentralt hald verkeleg er politisk vilje til å følgje opp dei ulike forslaga. Erfaringane syner diverre at liknande, velmeinte utgreiingar ikkje vert følgd opp med konkrete endringar eller ressursar utover det som kan inngå i meir generelle tema.


Erling Solsletten
rådmann

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 17.01.2005

Behandlingsinformasjon:

Skriv datert 22.10.04 frå KS vart lagt på bordet.

Dag Flacké foreslo slik endring i andre setning i framlegget:

"er derimot meir skeptisk til korleis" vert erstatta med "vonar difor at" og "om" vert endra til "at".

Dette vart samrøystes vedteke.

Vidare drøfta ein seg fram til slikt tillegg:

Ein peikar samstundes på:

- delegering av makt frå sentralt nivå til lokalnivå
- likeverdige rammevilkår for distrikta
- stimulere tilflytting til distrikta
- auka ansvar må følgjast opp med økonomiske midlar
- Stortinget må legge større vekt på strategiske og langsiktige linjer i samfunnsutviklinga
- større vekt på samordning mellom sektorar og mindre på enkeltstående sektortiltak
- lokalisering av ny statleg verksemd skal som hovudregel skje utanfor Oslo
- samsvar mellom dei oppgåver kommunane vert pålagt og dei økonomiske ressursane som vert gjort tilgjengeleg
- kommunesektoren bør sikrast forhandlingsrett med Staten
- gode kollektive kommunikasjonsmidlar og ein vegstandard som gjer arbeidsreisa trygg
- enklare offentleg innkjøpspolitikk
- statleg langtidsbudsjettering

Vedtaket elles samrøystes som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Sykkylven formannskap meiner Distriktskommisjonen har kome med mange gode vurderingar og mange gode forslag i samband med utgreiinga om livskraftige distrikt og regionar.

Sykkylven kommune vonar difor at dei ulike forslaga vert følgd opp og at det frå sentralt hald verkeleg er politisk vilje til å følgje opp dei ulike forslaga. Erfaringane syner diverre at liknande, velmeinte utgreiingar ikkje vert følgd opp med konkrete endringar eller ressursar utover det som kan inngå i meir generelle tema.

Ein peikar samstundes på:

- delegering av makt frå sentralt nivå til lokalnivå
- likeverdige rammevilkår for distrikta
- stimulere tilflytting til distrikta
- auka ansvar må følgjast opp med økonomiske midlar
- Stortinget må legge større vekt på strategiske og langsiktige linjer i samfunnsutviklinga
- større vekt på samordning mellom sektorar og mindre på enkeltstående sektortiltak
- lokalisering av ny statleg verksemd skal som hovudregel skje utanfor Oslo
- samsvar mellom dei oppgåver kommunane vert pålagt og dei økonomiske ressursane som vert gjort tilgjengeleg
- kommunesektoren bør sikrast forhandlingsrett med Staten
- gode kollektive kommunikasjonsmidlar og ein vegstandard som gjer arbeidsreisa trygg
- enklare offentleg innkjøpspolitikk
- statleg langtidsbudsjettering